

FORSKRIFT OM INNKREVJING FARVASSAVGIFT

Vedteke av kommunestyret i Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Kinn og Sunnfjord, xx.xx.xxxx:

IKRAFTSETJINGSDATO: 01. januar 2021.

GJELD FOR: Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Kinn (sjøområdet i gamle Flora kommune) og Sunnfjord kommune sitt sjøområde.

HEIMEL: LOV-2019-06-21-70, § 36

1. FORMÅL

Farvassavgifta skal dekke kommunen sine kostnader forbunde med utføring av oppgåvene nemnt i hamne- og farvassloven § 36 andre ledd.

2. VERKEOMRÅDE MM.

2.1 Forskrifta gjeld alle fartøy som gjer anløp til offentleg eller privat hamn og anlegg for drift av akvakulturanlegg i det samanhengande sjøområdet til medlemskommunane, jf. hamne- og farvassloven §36 fyrste ledd. Fartøy og hamn er definert i hamne- og farvassloven § 3, bokstav b) og d).

2.2 Alden hamneområde kan krevje inn farvassavgift og elles stå for handheving av forskrifta på vegne av medlemskommunane.

2.3 Unnateke frå plikt til å betale farvassavgift er:

a) Fartøy med største lengde under 15 meter (ikkje målepliktige fartøy).

b) Farty som betalar særskild hamnevederlag.

c) Norske og utanlandske orlogsfartøy

d) Kystverket sine fartøy i samband med arbeid i farvatnet.

e) Fartøy som søker hamn på grunn av skade eller naudstilstand, så lenge fartøyet ikkje lastar, lossar eller tek om bord passasjerar

f) Bergings- og isbrytarfarty i høve til berging og isbryting.

Kommunen kan fritta andre farty enn dei som er nemnt frå plikt til å betale farvassavgift.

3. BEREKNINGSGRUNNLAG

3.1 Farvassavgift vert rekna ut etter fartøyet sin bruttotonnasje (BT), slik det vert rekna ut etter den internasjonale konvensjonen av 23. juni 1969 om måling av fartøy. For fartøy som ikkje har gyldig målebrev, eller ikkje kan legge dette fram ei veke etter førespurt vert bruttotonnasje fastsett av kommunen etter skjøn, til dømes basert på tilsvarende fartøy.

3.2 Farvassavgift vert berre i lagt ein gong per døgn per skip, sjølv om eit skip gjer fleire anløp innan same døgn. Eit døgn vert rekna som tida frå midnatt til midnatt innan same dato.

4. KOSTNADER SOM DEKAST AV FARVASSAVGIFT

Farvassavgifta skal berre dekke kommunen sine kostnader ved utøving av offentleg mynde med heimel i hamne- og farvasslova, naudsynt isbryting og fjerning av gjenstandar som hindrar sjøtransporten eller er til fare for ferdselen i kommunen sitt sjøområde, jf §6, samt farvasskilt og navigasjonsinnretningar som kommunen eig.

Felleskostnader til administrasjonen vert rekna og fordelt slik at farvassavgifta berre lastast med sin relative del av felleskostnadane. Avskrivning og renter reknast som kostnad.

5. OPPLYSNINGSPLIKT

5.1 Fartøy som gjer anløp i hamn i sjøområdet pliktar å gje Alden hamneområde naudsynte opplysningar for utreking og innkrevjing av farvassavgift, inkludert målebrev og fakturaadresse til reiarlag og eventuell agent.

6. ANSVARSFORHOLD

6.1 Eigar, reiar og agent svarar solidarisk for krav på farvassavgift, jf. hamne- og farvassloven § 40 fyrste ledd. Eigar og reiar er definert i hamne- og farvassloven § 3 bokstav a) og i). Skuldig farvassavgift er

tvangsgrunnlag for utlegg, jf. hamne- og farvassloven § 41 fyrste ledd. Ved forseinka betaling av farvassavgift svarar ein forseinkingsrente, jf. hamne- og farvassloven §41 tredje ledd.

6.2 Krav kommunane har mot reiar er sikra med panterett i skipet etter reglar om sjøpanterett i hamne og farvasslova § 41.

7. RABATTORDNINGAR

Kommunen kan fastsette rabattordningar, herunder årsavgift eller sesongavgift.

8. INNFØRING OG ENDRING

Innføring og endring av farvassavgifta bør skje ved verknad frå 01 januar.

9. ETTERKALKULASJON

Kommunen skal for kvart år foreta ein etterkalkulasjon som syner inntekt frå farvassavgifta og dei kostnadane som skal dekkast av denne. Fordeling av kostnader skal vere dokumentert og etterprøvbar. Administrasjonen har mynde til å gjere mindre endringar av avgiftsnivået i løpet av året når etterkalkulasjonen synar at dette er naudsynt.

10. TILSYN

Kystverket fører tilsyn med at bestemmingane i forskrifta vert helde.

11. KLAGE

Enkeltvedtak som vert treft etter forskrifta kan påklagast, jf. Forvaltningslova §2 fyrste ledd, bokstav b). Kystverket sitt hovudkontor er klageinstans.